



VESTNES  
SOGELAG

<http://vestnes-sogelag.no>

## **VESTNES SOGELAG**

Årsmøte 26. august 2021, kl. 19.00

Vestnes-Biblioteket

### **SAKLISTE**

1. Konstituering av styret
  - a) Godkjenning av innkalling og sakliste
  - b) Val av møteleiar
2. Årsmelding frå styret 2020
3. Årsmelding frå skriftstyret
4. Årsmelding frå fotogruppe
5. Regnskap 2020 / budsjett
6. Val
7. Fastsetting av kontingent for 2022
8. Eventuelt

### **Kaffipause**

Etter årsmøtet :

Martinus Løvik tar for seg, « Ivar Brovoll, eit oversyn over mannen og hans gjerningar»

# ÅRSMELDING FRÅ STYRET

## VESTNES SOGELAG

2020

(org. nr. 911654407)

### Medlemstall

Medlemslista viser en beskjeden vekst frå 302 til 304 – 19 i tilgang og 17 i avgang. Avgangen fordeler seg på 8 døde, 7 ubetalte og 2 utmeldte.

### Styret

Leiar: Bjørn Flate (valt for 1 år)

Styremedlemmer: Mary E. Skram, sekretær (ikkje på val)

Eli Skavnes (valt for 1 år)

Lars Sigmund Kleive (valt for 1 år)

Morten Øverås (valt for 1 år)

Skriftstyret: Martinus Løvik (ikkje på val)

### Fotogruppe:

Styret har hatt 3 styremøte i 2020. Det har i tillegg vore kontakt pr. telefon og e-post etter behov mellom medlemmane. Det har vore samarbeid mellom styret og skriftstyret, og mellom styret og fotogruppa.

Koronarestriksjonane har prega dei planlagte aktivitetane i laget, slik at møte og andre aktivitetar måtte avlysast eller blei utsett til seinare. Det var tilfellet med det førebudde årsmøtet i sogelaget 19. mars på Frivilligsentralen, men som måtte utsettast til den 18. juni.

Lanseringsmøte for det 25. årskriften i skriftstyret, ved leiar Martinus Løvik, og som var annonser til den 5. november i Kyrkjelyshuset i Fiksdal, måtte avlysast på kort varsel den same dagen som møtet skulle finne stad.

Årskriften 2020 er på 232 sider med lokalt artikkelstoff, mange bilete og har eit opplag på 700 eksemplarer. Skriftstyret har halde oppe aktiviteten som tidlegare år (sjå eiga årsmeld.)

Fotogruppa gjorde seg ferdig med sin del av digitaliseringa av Kristoffer Aas sitt fotoarkiv i 2019. Fylkesfotoarkivet har lagt desse bileta puljevis ut på nett og biletetekster kjem på plass etter kvar framover. Fotogruppa har ikkje starta opp med noko ny fotosamling i 2020.

## Aktivitetar 2020

18. juni: **Årsmøte** blei halde i kantina på Tremek AS på Skorgeneset og med vanlege årsmøtesaker. Det var 13 personar som møtte fram. Etter årsmøtet hadde Martinus Løvik eit interessant foredrag om spanskesjuka i Vestnes.
- Tiltenkt plan om: **Vandretur** i mai, **Sogelagtur** i juni, **Familiedag** på Tresfjord Museum i september, **Frivilligdagen** i september og **Bokslepp** i november, måtte gå ut grunna strenge koronarestiksjonar.
27. nov.: **Pakkedugnaden** blei også tatt vekk som ein årlig dugnadskveld og der Per Bjørn Ellingseter tok på seg jobben åleine med å pakke årbøkene som skulle distribuerast til medlemmane i laget

# Fotogruppa si årsmelding for 2020

Fotogruppa sitt arbeid med avfotografering av Kristoffer Aas si negativsamling vart fullført 15. januar 2020, og det organiserte arbeidet er dermed avslutta.

Til no har Fylkesfotoarkivet lagt ut 7.120 bilde i Aas-arkivet. Det gjenstår framleis å legge ut ei siste gruppe med bilde, og fylkesfotoarkivar Ragnar Albertsen opplyser at det då vil vere lagt ut om lag 7.400 bilde Aas-bilde.

Sjølv om arbeidet med avfotografering av Aas-arkivet er ferdig, vert det framleis arbeidd med registrering av opplysningar om bilda. Alle bilde får opplysningar om kven som har bestilt bildet og året bildet er tatt. Der vi har, eller får, andre opplysningar blir dette lagt inn. Dette gjeld i første rekke namn, fødeselsår og dødsår, men også andre opplysningar der dei er tilgjengelege.

Utanom to frå sogelaget si fotogruppe har Odd Sørås og Vebjørn Fiksdal tilgang til å registrere opplysningar direkte i arkivet. Også andre bidrar med å gje opplysningar, enten ved å skrive det inn på Fylkesfotoarkivet si side, eller ved å gje opplysningane til dei som har tilgang. Spesielt har Mary Ellingseter Skram og Anny Gjerde vore aktive med å gje opplysningar. Sjølv om fotogruppa ikkje lenger er aktiv, vil oppdatering framleis bli utført.

Årsmøtet i 2020 valde ikkje leiar for fotogruppa, og ingen i gruppa har sagt seg villige til å ta på seg denne oppgåva. Negativa etter Kristoffer Aas er no trygt oppbevarte i Fylkesfotoarkivet. Derimot er negativa etter Lars Pedersen framleis lagra i kjellaren på administrasjonsbygget i Myra. Fylkesfotoarkivar Ragnar Albertsen meiner temperaturen i desse lokala er for høg, og at negativa med fordel kan oppbevarast i Fylkesfotoarkivet. Dette er noko styret i sogelaget bør vurdere.

Vestnes, 29 april 2021

Olav Hole

# Årsmelding for 2020 frå skriftstyret

Skriftstyret 2020 var samansett av Petter Inge Bergheim, Einar Baltzersen og Martinus Løvik, med den siste som leiar. Tove Eikrem ga stor hjelp med korrekturlesinga.

Skriftstyret starta arbeidet kort tid etter årsmøtet, og hadde stort sett eit møte i månaden i innsamlingsfasen utover våren og sommaren, og avslutta også dette året med eit nær heildags samla korrekturlesingsmøte. I tillegg var det mykje kommunikasjon på e-post og Dropbox.

Manuskripttilgangen var også i 2020 god, både med omsyn til artiklar skriftstyret hadde oppmoda folk om å skrive, og artiklar forfattarane sjølv hadde teke initiativ til. Årsskriftet var som i 2019 på 232 sider, og hadde 23 artiklar og om lag 160 bilete. Skriftstyret produserte sjølv fire av dei artiklane som kom med i boka. Det var 16 nolevande forfattarar, sju kvinner og ni menn. Ni manuskript, som svara til om lag 98 boksider, måtte av plassomsyn ligge over til neste år. Nytt av året er at vi trykte titlane på desse artiklane bak i boka. To korte artiklar var attgjeving av historisk stoff, ein pamflett frå 1830-talet om kolera og eit stortingsreferat av Walter Scott Dahl. Redaksjonen skreiv tilleggsinformasjon til begge desse artiklane. Ei forsiktig omlegging av forma på boka vart diskutert, men vi valte førebels å ha same oppsett som dei seinare åra. Framsidebiletet var frå Tomrefjorden og var teke av Audbjørg Gjerde Lippert. Alt vart gjort på dugnadsbasis. Opplaget for årsskriftet var 700, det same som i 2019.

Artiklane hadde også i 2020 rimeleg god geografisk fordeling, med unntak av 'fløyene' - Rekdal og Vike. Tidmessig var det aller meste av stoffet frå slutten av 1800-talet og langt framover 1900-talet. Frigjøringsjubileet vart markert. Skriftstyret ser det som spesielt viktig å få fram minnestoff – stoff som ikkje er nedskrive og difor blir borte når folk går bort. Også bilet-dokumentasjonen vert gjeven høg prioritet. Vi prøver å ha både korte og litt lengre artiklar, og både meir faghistoriske artiklar og gode lokalhistoriske forteljingar. Vi skal både vere 'arkiv' og formidle og stimulere interessa for lokalhistoria vår.

Samarbeidet med VestnesAvisa om produksjon og trykking fungerte godt. Helene Henriksen vart leidd inn for å produsere boka, og gjorde som vanleg ein framifrå jobb. Tidleg kontroll av teknisk kvalitet på biletaterialet og 'prekorrektur' av utvalde artikkelen- og bilettekstar bidrog til rask sluttredigering. Boka var ferdig til å bli sendt til trykkeriet 2. oktober. Fordi boka vart tidleg ferdig, vart boklanseringa framskoten og lanseringsmøte i Kyrkjelydshuset i Fiksdal var planlagt til torsdag 5. november kl. 19. På grunn av korona-situasjonen måtte vi avlyse møtet. Sameleis vart det lokalhistoriske presentasjonsmøtet på Romsdalsmuseet avlyst. Per Bjørn Ellingseter sto for organiseringa av distribusjonen av boka til medlemmane og forfattarane. På grunn av pandemien hadde me ikkje det vanlege bokpakkingsmøtet.

Boka fekk mykje god omtale i avisene. I tillegg til Notabene bokhandel på Helland vart boka også dette året selt på lokalbutikken i Fiksdal (Joker Fiksdal) og ein periode omkring jul også i Tresfjord (Spar).

Korona-pandemien har gjort det vanskeleg å ha arrangement som samlar folk. Når tilhøva er slik, vert årsskriftet ein ekstra viktig del av sogelaget sitt arbeid. På bakgrunn av den gode tilgangen på stoff som det bør bli teke vare på, og den gode mottakinga frå pressa og folket i kommunen, rår skriftstyret til at Sogelaget gjev ut eit Årsskrift også i 2021.

Petter Inge Bergheim

Einar Baltzersen

Martinus Løvik (redaktør)


## Vestnes Sogelag – Rekneskap 2020

Inntekter	Konto	Beløp
Medlemskontingent	1	68 420,00
Salg årsskrift	2	40 427,90
Arrangement	3	-
Salg annonser/sponsor	4	21 000,00
Kulturtildskott, gaver m.v.	5	15 000,00
Øvrige inntekter	6	187,00
Prosjekt (utgjeving av CD, hefter, etc)	7	4 950,00
<b>Sum inntekter</b>		<b>149 984,90</b>

Utgifter	Konto	Beløp
Adm/porto m.v.	11	20 461,40
Årsskrift, trykking m.v.	12	140 497,50
Arrangement	13	1 800,00
Kjøp av utstyr	14	-
Øvrige utgifter	15	-
Prosjekt (utgjeving av CD, hefter, etc)	17	606,50
<b>Sum utgifter</b>		<b>163 365,40</b>
<b>Resultat i året</b>		<b>-13 380,50</b>
<b>Sum</b>		<b>149 984,90</b>


Balanse		
Eigenkapital 01.01.2020		220 064,55
Resultat i året		-13 380,50
<b>Eigenkapital 31.12.2020</b>		<b>206 684,05</b>

Vestnes, den 31.12.2020 / 23.01.2021



Hallgeir Anderson  
førretningsførar

Jarle Løvik  
revisor



Helge Bjerkevoll  
revisor

# Vestnes Sogelag - Regnskap 2017– 2020

		2017	2018	2019	2020
Inntekter	Konto	Beløp	Beløp	Beløp	Beløp
Medlemskontingent	1	58 280,00	61 960,00	77 720,00	68 420,00
Salg årsskrift	2	45 435,00	26 270,00	27 894,00	40 427,90
Arrangement	3	19 741,00	16 200,00	14 500,00	0,00
Salg annonser/sponsor	4	20 000,00	15 000,00	22 000,00	21 000,00
Kulturtildskudd, gaver m.v.	5	15 000,00	15 000,00	15 000,00	15 000,00
Øvrige inntekter	6	1 045,00	1 004,00	1 039,00	187,00
Prosjekt (utgivelse av CD, hefter, etc)	7	500,00	16 700,00	6 350,00	4 950,00
<b>Sum inntekter</b>		<b>160 001,00</b>	<b>152 134,00</b>	<b>164 503,00</b>	<b>149 984,90</b>
<hr/>					
Utgifter	Konto	Beløp	Beløp	Beløp	Beløp
Adm/porto m.v.	11	12 165,00	17 258,00	21 470,92	20 461,40
Årsskrift, trykking m.v.	12	114 122,40	125 878,00	132 058,00	140 497,50
Arrangement	13	30 272,78	25 815,00	15 895,00	1 800,00
Kjøp av utstyr	14			5 560,00	0,00
Øvrige utgifter	15	-			0,00
Prosjekt (utgivelse av CD, hefter, etc)	17	973,80	69 102,89	1 505,70	606,50
<b>Sum utgifter</b>		<b>157 533,98</b>	<b>238 053,89</b>	<b>176 489,62</b>	<b>163 365,40</b>
<b>Årets resultat</b>		<b>2 467,02</b>	<b>-85 919,89</b>	<b>-11 986,62</b>	<b>-13 380,50</b>
<b>Sum</b>		<b>160 001,00</b>	<b>152 134,00</b>	<b>164 503,00</b>	<b>149 984,90</b>
<hr/>					
Balanse					
Egenkapital 01.01.		<b>315 504,04</b>	<b>317 971,06</b>	<b>232 051,17</b>	<b>220 064,55</b>
Årets resultat		2 467,02	-85 919,89	-11 986,62	-13 380,50
<b>Egenkapital 31.12.</b>		<b>317 971,06</b>	<b>232 051,17</b>	<b>220 064,55</b>	<b>206 684,05</b>